



– Stordabuen må vakna

Dag Jørund Lønning, utflytta stordabu og byutviklings-ekspert, meiner stordabuen må engasjera seg i utviklinga av kaiområdet på Leirvik. Han meiner eit hus eller park ikkje vil tilføra Stord nokon ting, om ikkje stordabuen er med på prosessen. Side 2-3

Sunnhordland

TYS DAG 2. desember 2014 Nr. 238 112. årg. Laussal kr 20,- www.sunnhordland.no

● Bygdeksperten si suksessoppskrift:

Må la folk engasjera seg frå starten

Om ikkje stordabuen engasjerer seg i utviklinga av «indrefiletten» på kaien, spelar det lita rolle om det blir bygt hus eller laga park, meiner Dag Jørund Lønning.

ANDERS TOTLAND
anders@sunnhordland.no

– Det Stord og Leirvik treng er eit omfattande utviklingsprosjekt, der innbyggjarane kan engasjera seg. Med engasjement følgjer eigarskap, og då tar folk ansvar. Det treng Leirvik meir enn nokon annan tettstad, seier Dag Jørund Lønning, som er utflytta stordabu og rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling.

Han meiner eit hus eller ein park, eller i grunn kva som helst, ikkje vil tilføra byrommet noko som helst, om det ikkje blir lagt til rette for eit breitt engasjement.

– Det nyttar ikkje å først laga planar, som folk kan få meina noko om. Engasjementet må vera der frå starten, og prosessen må koma nedanfrå og opp, seier Lønning.

600 kvadratmeter

Prosjektgruppa, som har bestått av Ove Kvalnes, Harald Oddvar Sæbø, Arvid Sandnes, Inge Espenes, Guri Andresen Aksnes og Gudfinna Erlingsdottir, konkluderer med at det vil vera bra for byen Leirvik med eit bygg på 600 kvadratmeter på den gamle ferjekaien, der det i dag er busshaldeplass. Dei ser føre seg eit bygg med tre etasjar, med ein fjerde etasje over deler av bygget.

Ordførar Liv Kari Eskeland (H) har lese seg opp på saka i helga, og er samd i ein del av refleksjonane som prosjektgruppa har gjort seg.

– Men eg er meir usikker på den utforminga som for så viddt ligg i sakspapira,



Her kan det komma eit bygg på 600 kvadratmeter. Dag Jørund Lønning ynskjer eit breitt engasjement blant innbyggjarane i kommunen, når det gjeld utviklinga av tinen på Leirvik. FOTO: ANDERS TOTLAND

seier Eskeland, då me utfordrar henne til å koma med eit arkitektfagleg synspunkt på saka.

– Viktig byrom

– Det er veldig viktig korleis det byrommet der nede blir utforma. Det er nok kanskje det viktigaste med den tomten, at me legg til rette for dei gode byromma, seier Eskeland. – Er du samd i at det er betre med bygg enn open plass?



Dag Jørund Lønning meiner det er avgjerande for utviklinga av sentrum at stordabuen engasjerer seg. ARKIVFOTO: MAGNE KYDLAND

– Der har eg ikkje konkludert enno. Det kan godt henda at eit mindre bygg på den tomten kan vera eit alternativ. Men igjen, me må ikkje stengja heilt igjen nede på kaien, for det er eit verdifullt byrom der. Me skal sørgja for at folk får kontakt med sjøen når dei står oppe i byen òg, seier Eskeland.

Konservator Tore Lande Moe ved Sunnhordland Museum seier til Sunnhordland at den aktuelle tomten aldri

har vore brukt til anna enn ferjekai, og dermed heller ikkje har stor kulturhistorisk verdi.

Spørsmål om utsikt

– Så kan ein alltid diskutera kvar gong det er ein open plass nokon vil byggja på, særleg om det tar utsikt frå nokon. Det er eg jo også nokså samd i. Utsikta mot sjøen er noko av det finaste me har i Leirvik, og der må ein verkeleg tenkja seg

om. Men så viddt eg har forstått er det ikkje snakk om noko høghus, seier Lande Moe, som understrekar at Sunnhordland Museum, som eigar av Stord Maritime Museum, på ein måte er ein part i saka, og at han sjølv dermed kanskje ikkje er den beste til å sjå saka heilt utanfrå.